

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.02.2016

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF**

ARKIVSAK: 2013/137

STYRESAK: **031/16**

STYREMØTE: **29.02. 2016**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 7. januar 2015
- b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
- d. Fullmaktstruktur for Helse Vest RHF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
- f. Etske retningslinjer for Helse Vest
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Det blir i saka gitt ei orientering om gjeldande styrande dokument.

Fakta

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande, styrande dokument.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenestene, som utgjer det overordna rammeverket for spesialisthelsetenesta. I tilknytning til opprettinga av helseføretaka har eigar også fastsett vedtekter for dei regionale helseføretaka. Vedtektene for Helse Vest RHF blei sist endra i føretaksmøte 7. januar 2015.

Helse- og omsorgsdepartementet ga i 2011 ut ein rettleiar om «Styrearbeid i regionale helseføretak». Rettleiaren blei oppdatert med ny regelverksutvikling per mars 2014. I samband med føretaksmøte 12. januar 2016 blei nye versjon av rettleiaren distribuert. Rettleiaren gir ein kort orientering om styrearbeid i regionale helseføretak og er meint å vere eit bidrag til styra sin rolleforståing og rolleutøving. Rettleiaren samanfattar gjeldande regelverk og gitte styringskrav samt ein omtale av styrearbeid som er meint å vere av meir rettleiande karakter. I sist reviderte rettleiar er Helse – og omsorgsdepartementet si utgreiing frå juni 2015 om helseføretakslova sine føresegner om eigarstyring, kommunikasjon og openheit i møter, innarbeidd.

Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksmøte 12. januar 2016 understreka at spesialisthelsetenesta skal rette seg etter krav og føringar som følgjer av regjeringa si eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014). Meldinga blei presentert for styret i Helse Vest RHF i styremøte 3. september 2014 (sak 092/14).

I føretaksmøte 12. januar 2016 er det særleg peikt på at føretaka skal føre ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk som og bidrar til å sikre tilgang på helsepersonell i framtida og forsikre seg om at tilsette hos leverandørar, og i andre land, har forsvarlege vilkår. Føretaka skal også vere i fremste rekke i arbeidet med klima- og miljøtiltak.

Med omsyn til leiarløn skal helseføretaka halda seg til dei statlege retningslinjene som tok til å gjelde frå 13. februar 2015. Prinsippet om moderasjon står sentralt, og det heiter at leiarløningane skal vere tevlingsdyktige, men ikkje lønsleiande.

Dokumenta som er nemnde ovanfor er fastsette av staten/eigar.

Dei dokumenta som styret har rådigheit over og sjølv fastset, er følgjande:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur
- Etiske retningslinjer
- Retningslinjer og erklæring om leiarløningar i føretaksgruppa Helse Vest

Dokumenta som styret har rådigheit over blir kort omtala nedanfor.

Kommentarar

1. Styreinstruks og instruks for administrerande direktør

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at styret i regionalt helseføretak skal fastsette ein instruks for styret og ein instruks for administrerande direktør. Instruksverket var gjenstand for ein meir omfattande revisjon sist i 2013. I 2014 blei det gjort ytterlegare nokre mindre endringar med bakgrunn i endringar i vedtektene gjort i føretaksmøte 7. januar 2014.

Det blir ikkje gjort framlegg om nye endringar i instruksane for styre og administrerande direktør.

2. Fullmaktsstruktur

Fullmaktstrukturen blei også gjennomgått i 2013 parallelt med revisjonen av instruksene for styret. Fullmaktsstrukturen har til hensikt å klargjere myndigheits-, ansvars- og oppgåvefordelinga mellom føretaksmøtet, styret og administrerande direktør.

Det blir ikkje gjort framlegg om endringar i fullmaktsstrukturen.

3. Etiske retningslinjer for Helse Vest

Styret behandla i møte 7. mai 2012 sak om etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest – sak 048/12 B. I vedtaket bad styret om at etiske retningslinjer årleg blei lagt fram for styret til behandling.

I tillegg til etiske retningslinjer er det også utarbeidd 11 andre rutinar, retningslinjer, samarbeidsavtalar og erklæringar innafor ulike fagområde i verksemda som sakleg knyter seg opp mot dei generelle etiske retningslinjene. Desse blir løpande oppdatert og kan lastast ned frå www.helse-vest.no/etikkk

Administrerande direktør kan ikkje sjå at det sidan behandlinga i 2012 er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen, eller på anna måte som tilseier at det blir gjort endringar i dei etiske retningslinjene.

4. Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa Helse Vest

Alle regionale helseføretak fekk i føretaksmøte i januar 2012 ein ny § 16a i sine vedtekter med følgjande ordlyd;

"Helse Vest RHF skal utarbeide en årlig erklæring om ledernes ansettelsesvilkår. Denne skal tas inn som en note i årsregnskapet. Erklæringen skal ha et innhold som angitt i allmennaksjelovens § 6-16 a, og skal behandles på tilsvarende vis i foretaksmøtet som avholdes i Helse Vest RHF innen utgangen av juni hvert år. Det vises til allmennaksjelovens § 5-6 tredje ledd."

Vedtektsendringa blei gjort gjeldande med verknad for rekneskapsåret 2011.

Administrerande direktør vil legge fram eiga sak om dette i styremøte i april.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor føreslår administrerande direktør at styret tek gjeldande styrande dokument til etterretning.

Vedlegg

1. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 7. januar 2015
2. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF
3. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
4. Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
5. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
6. Etiske retningslinjer for Helse Vest
7. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
8. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel